

Slik handterer du farleg avfall under strandrydding



Kva er farleg avfall?

Farleg avfall er avfall som sjølv i små mengder kan gjere stor skade på menneske, dyr og natur.

Til dømes: Oljesøl / kanne med olje, batteri, maling eller andre kjemikaliar, eternittplater, gassflasker.

Kva gjer eg om eg finn farleg avfall?

Barn:

- Gi beskjed til ein vaksen. Barn skal ikkje rydde flasker og kanner med ukjent innhald aleine.

Vaksne:

- Legg avfallet i ein eigen sekk. Om ryddeaksjonen har eigen konteinar, legg sekkane med farleg avfall ved sidan av konteinaren, ikkje oppi. Leverer du sjølv på miljøstasjonen, sei ifrå at du har farleg avfall med deg.



SSR deler ut hanskar og ryddesekkar gratis på miljøstasjonane.

Dette kan vi ikkje ta imot frå strandrydding:

- Gassflasker
- Røyksignal, naudrakett og naudbluss
- Asbest / eternitt

Dette er avfall som er risikabelt å handtere både for frivillige ryddarar og SSR. Dersom du kjem over denne type avfall, skal du la det ligge. Du kan melde frå om funn til forureiningsmyndigheita i den kommunen du ryddar i.

Sjå bilde på neste side.





Gassflasker



Røyksignal, naudrakett og naudbluss



Røyksignal og lys



Asbest / eternitt



Asbest / eternitt



Asbest / eternitt



Kvalitetsansvarleg

Alle ryddeaksjonar skal ha ein kvalitetsansvarleg. Denne personen har ansvar for å:

- Informere deltakarar i ryddeaksjonen om korleis handtere farleg avfall.
- Sikre at gassflasker, eksplosivar og asbest / eternitt ikkje kjem med i sekkar / konteinar.

Fyll ut under, ta bilde av skjema og send til rydde@reinholdsverket.no.

Namn på kvalitetsansvarleg:

Telefonnummer:

Ryddesjon (stad): Dato:



Takk for samarbeidet – og for at du ryddar i den vakre naturen vår!

